


# ORGANISASJONSPLAN FOR Fyresdal Idrettslag



**Vedteken på ekstraordinært årsmøte 29.10.2018**

## Innholdsfortegnelse

<b>Grunnlagsopplysninger for idrettslaget</b> .....	<b>3</b>
<b>Historikk</b> .....	<b>3</b>
<b>Idrettslagets føremål</b> .....	<b>3</b>
<b>Visjon</b> .....	<b>3</b>
<b>Verdigrunnlaget:</b> .....	<b>3</b>
<b>Virksomhetsideen</b> .....	<b>3</b>
<i>Hovedmål</i> .....	4
<i>Delmål</i> .....	4
<b>Handlingsplan</b> .....	<b>4</b>
<b>Idrettslagets Organisasjon</b> .....	<b>5</b>
<i>Årsmøtet</i> .....	5
<b>Medlemmer</b> .....	<b>10</b>
<b>Informasjon</b> .....	<b>10</b>
<i>Økonomi</i> .....	10
<i>Medlemskontingent</i> .....	10
<i>Honorar</i> .....	10
<b>Klubbdrakter/profilering</b> .....	<b>10</b>
<b>Reglar for Fyresdal Idrettslag</b> .....	<b>11</b>
<i>Retningslinjer for føresette</i> .....	11
<i>Retningslinjer for utøvarar</i> .....	11
<i>Retningslinjer for trenerar</i> .....	11
<i>Mobbing og seksuell trakassering</i> .....	11
<i>Alkohol</i> .....	11
<i>Politiattest</i> .....	12
<b>Utmerkingar</b> .....	<b>12</b>

## Grunnlagsopplysninger for idrettslaget

Namn: Fyresdal Idrettslag

Stifta: 1898

Postadresse: 3870 Fyresdal

Bankkonto: Brukskonto 26941010082

Bankforbindelse: Sparebanken Sør

Internettadresse: <http://www.fyresdail.no>

Organisasjonsnummer i Brønnøysundregisteret: 980259838

Tatt opp som medlem i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite/NIF:

Registrert tilknytning til Telemark Idrettskrets

Registrert tilknytning til Fyresdal Idrettsråd

Årsmøtemånad: Februar

## Historikk

Fyresdal Idrettslag blei skipa i 1898. 100-års jubileum blei markert i 1998. Laget har stor aktivitet, og eit mangfald av aktivitetar å velje i. Per i dag er medlemstalet på nærare 400 personar, noko som tyder på at om lag ein tredjedel av kommunen er medlemar. Dette er flott, og seier noko om kor stor betyding Idrettslaget har for bygda.

## Idrettslagets føremål

Fyresdal Idrettslag skal vere ein open og demokratisk organisasjon der formålet er å drive idrett organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité.

Arbeidet skal dominerast av frivillighet, demokrati, lojalitet og likeverd. Alle idrettslege aktivitetar skal bygge på grunnverdier som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

Idrettslaget er sjølvvegande og frittståande med utelukkande personlege medlemar.

## Visjon

Fyresdal Idrettslag skal bidra til å skape eit godt miljø og samhald i bygda, og skal arbeide for å få ein fleirbrukshall som vil gje eit aktivitetstilbod gjennom heile året.

## Verdigrunnlaget:

- Fellesskapskjensle og harmoni
- Lojalitet og forplikting
- Skapar meining og motivasjon
- Aukar ansvarfølelsen
- Identitetsbyggande
- Gjev grunnlag for kommunikasjon og samhandling

## Virksomhetsideen

Fyresdal Idrettslag skal vere hovudaktør for utviklinga av idretten til ein betydeleg breidde- og konkurranseidrett i vårt lokalmiljø.

## Hovedmål

1. Oppretthalde det høge aktivitetsnivået ein har i dag.
2. Jobbe aktivt for å få fleirbrukshall i kommunen.


## Delmål

1. Hovudlaget skal syte for å legge til rette økonomisk, slik at aktivitetsnivået kan oppretthaldast.
2. Hovudlaget skal òg vere opne for nya aktivitetar dersom interessa er til stades.

## Handlingsplan

Kva	Korleis	kven	Tidsfrist	Resultat
Medlemslister	Det må stå fullt namn og fødselsår ved innbetaling av medlemskontigent.	Kasserar	August	
Budsjettgjennomgang	Ha ein økonomisk gjennomgang i styret. - korleis auke inntektene? - kritiske blikk på utgiftene.	Hovudstyret	Juni og desember	
Sikre gode overgangar	På styresmøte i mars bør av- og påtroppande medlemar delta for å dele informasjon.	Det nye og gamle styret	Mars	

## Idrettslagets Organisasjon



### Årsmøtet

- ✓ Årsmøtet er lagets høgaste myndigheit.
- ✓ Årsmøtet blir halde ein gong i året i februar månad (jmf ny lovnorm, § 13)
- ✓ Protokollen frå årsmøtet sendast til Telemark Idrettskrets , og leggst ut på idrettslagets nettsider.
- ✓ Innkalling til årsmøtet skal skje ein månad før årsmøtet, i kommuneinformasjonen.
- ✓ Innkomne forslag skal være styret i hende 2 veker før årsmøtet, og sakslista skal sendast ut ei veke før.
- ✓ Årsmøtet er for medlemar i klubben, det vil sei dei som har betalt medlemskontingenten. Føresette har ikkje fullmakt til å stemme for medlemar under 15 år.
- ✓ Årsmøtet legg grunnlaget for styret sitt arbeid framover.
- ✓ Årsmøtet skal gjennomførast slik det er fastsett i lovas årsmøteparagraf.

### **Styrets funksjon og samansetning**

#### **FIL hovudstyret:**

Leiar

Nestleiar, annankvart år på kasserar/sekretær

Styresmedlem:

Sportleg leiar fotball.

Sportleg leiar symjing.

Trimkontakt. (tidlegare trimkontakt og bandykontakt)

BIS- kontakt. (tidlegare skikontakt og kontakt for barneidrettsskulen)

2 varamedlemar.

3 i valnemnda

#### **Sportsleg utval fotball:**

Sportsleg leiar fotball får i oppgåve å danne «Sportsleg utval fotball». Medlemene av utvalet finn sportleg leiar saman med valkomiteen.

Utvalget skal bestå av minimum 3 personar, der begge kjønn er representert.

Oppgåver fordelar medlemmene av utvalget seg i mellom.

#### **Sportsleg utval symjing:**

Sportsleg leiar symjing får i oppgåve å danne «Sportsleg utval symjing». Medlemene av utvalet finn sportleg leiar saman med valkomiteen.

Utvalget skal bestå av minimum 3 personar, der begge kjønn er representert.

Oppgåver fordelar medlemmene av utvalget seg i mellom.

# VERV OG OPPGÅVER I FYRESDAL IDRETTSLAG

## Godkjent av styret 29.10.2018

### Leiaren i Fyresdal Idrettslag skal:

- leie idrettslaget i tråd med gjeldande lovar og reglar
- ha det overordna og samordna ansvaret for ei teneleg og ansvarleg drift av laget med undergrupper
- ta i mot og fordele innkomen post, også e-post
- stå for idrettsregistreringa saman med nestleiar
- sende saker til styremøte og årsmøte til sekretæren
- vere ansvarleg for møteplan
- vere ansvarleg for årsmeldinga til hovudidrettslaget
- vere ansvarleg for koordinering av felles aktivitetar, t.d. maskerade og jolekalender
- vere lagets representant og talerøyr i andre fora, som t.d. krets og idrettsråd
- forhandle avtalar om sponsormidlar til FIL
- leiaren er vald for eit år

### Sekretæren i Fyresdal Idrettslag skal:

- skrive og sende innkalling til styre- og årsmøte etter oppsett frå leiar
- skrive referat frå styremøte innan ei veke
- skrive protokoll frå årsmøtet innan ei veke
- ta del i anna korrespondanse i samarbeid med leiar
- stå for kopiering og utsending
- sende søknad til kommunen om brukartider på samfunnshuset, to gonger i året
- sekretæren er vald for to år, og får i tillegg nesteleiarfunksjon i sitt andre sitjande år

### Kasseraren i Fyresdal Idrettslag skal

- syte for at rekningane blir kontrollerte og betalte. Rekneskapen blir ført av Fyresdal rekneskapskontor. Dette gjeld for hovudlaget, fotballgruppa og symjegruppa.
- syte for at bilaga blir sorterte etter dato
- vere hovudansvarleg for innkrevjing av kontingent
- lage medlemsliste, og sende ut fakturaene på medlemskontingent
- sjekke betaling og sende ut eventuelle purringar
- sende søknad om kulturmidlar til kommunen
- ha hovudansvaret for budsjettgjennomgang i juni og desember
- leggje fram rekneskapen for årsmøtet
- lage budsjett til årsmøtevedtak ut frå rekneskapen og planar i laget, saman med hovudstyret
- kasseraren er vald for to år, og får i tillegg nesteleiarfunksjonen i sitt andre sitjande år

### Sportsleg leiar symjing (sportsleg utval symjing) har ansvaret for:

- møte på styremøta i FIL som styremedlem (leiar av utvalet)
- ta del i fellesaktivitetar i FIL etter vedtak på styremøta
- vere bindeledd mellom dei aktive og styret for FIL
- fremje symjegruppa sine saker i styret, og sende saker til sekretæren i høve styresmøte og årsmøtet
- må lage sine egne rutinar for å sikre at aktive både er medlem av idrettslaget, og har betalt treningsavgift.
- ta i mot og fordele innkomen post, også e-post
- fordele arbeidsoppgåver
- halde kontakt med kretsen
- ha ansvar for at terminliste blir sett opp og fylgt opp
- ha ansvaret for at årsmelding for symjegruppa blir sendt til sekretæren i hovudlaget, seinast 1 mnd før årsmøtet
- sportsleg utval symjing er vald for to år

**Sportsleg leiar fotball (sportsleg utval fotball) har ansvaret for:**

- møte på styremøta i FIL som styremedlem. (leiar av utvalet)
- ta del i fellesaktivitetar i FIL etter vedtak på styremøta
- vere bindeledd mellom dei aktive og styret for FIL
- fremje fotballgruppa sine saker i styret, og sende saker til sekretæren i høve styresmøte og årsmøtet
- må lage sine egne rutinar for å sikre at aktive både er medlem av idrettslaget, og har betalt treningsavgift.
- ta i mot og fordele innkomen post, også e-post
- fordele arbeidsoppgåver
- halde kontakt med kretsen
- ha ansvar for at fotballaga blir påmeldt til kretsen/cup'ar
- ha ansvaret for årsmelding for fotballgruppa blir sendt til sekretæren i hovudlaget, seinast 1 mnd før årsmøtet
- sportsleg utval fotball er vald for to år

**BIS-kontakten skal:**

- møte på styremøta i FIL som styremedlem
- ta del i fellesaktivitetar i FIL etter vedtak på styremøta
- opne og gå gjennom post
- vere bindeledd mellom dei aktive og styret for FIL
- må lage sine egne rutinar for å sikre at aktive både er medlem av idrettslaget, og har betalt treningsavgift.
- ha ansvaret for å arrangere og organisere barneidrettskulen
- ha ansvaret for å arrangere og organisere skikarussellen
- fremje saker knytt til ski for styret
- fremje saker knytta til BIS for styret
- ha ansvaret for å arrangere ulike skiaktivitetar
- ha ansvaret for at årsmelding for barneidretten blir sendt til sekretæren i hovudlaget, seinast 1 mnd før årsmøtet
- BIS-kontakten er vald for to år

**Trimkontakten skal:**

- møte på styremøta i FIL som styremedlem
- ta del i fellesaktivitetar i FIL etter vedtak på styremøta
- opne og gå gjennom post
- vere bindeledd mellom dei aktive og styret for FIL
- må lage sine egne rutinar for å sikre at aktive både er medlem av idrettslaget, og har betalt treningsavgift.
- fremje saker knytt til trim for styret
- ha ansvaret for å arrangere ulike trimaktivitetar som t.d. Bispeveg marsjen og TA-trimmen
- vere ein pådrivar for nye aktivitetar
- ha ansvaret for at bandygruppa har aktivitetar og treningstider.
- ha ansvaret for at årsmelding for trimgruppa blir sendt til sekretæren i hovudlaget, seinast 1 mnd før årsmøtet
- trimkontakten er vald for to år

**Vara-medlemmane til hovudstyret skal:**

- møte på styremøta etter nærare varsel
- halde seg orienterte om arbeidet i styret ved å lese innkallingar og referat
- varamedlemmane er vald for to år

**Revisorane skal revidere rekneskapen til FIL**

- Revisorane er vald for to år



**Valkomiteén** blir valt på årsmøtet etter framlegg frå styret i FIL og skal finne fram til kandidatar til verva som leiar, sekretær, kasserar, leiar sportleg utval fotball, leiar sportsleg utval symjning og medlemmer til desse to utvala, trimkontakt, BIS-kontakt, varamedlem og revisorar.

- Valkomitèmedlemmane er vald for tre år
- To veker før årsmøtet skal leiar i valkomiteen sende skriftleg forslag til val. Dette sendast til sekretæren i hovudlaget.
- Leiar møter på årsmøtet for å presentere valkomiteens forslag.
- Medlemmar av valkomiteen blir vald for 3 år, der rullering skjer slik at det kun er ein som er på val kvart år.

## Medlemmer

Ved betaling av årleg medlemskontingent må det stå fullt namn og fødselsår for at medlemsskapet skal vere gjeldande. Dette er alle idrettslag pålagt å gjere, og vil sikre ei oversiktleg medlemsliste.

Med omsyn til idrettsregistreringa skal undergruppene og dei ulike kontaktane syte for å sende oversikt over antal som har delteke til leiar i hovudstyret. Dette må skje innan 15.januar.

## Informasjon

Idrettslaget informerer medlemmane via kommuneinformasjonen og heimesida til kommunen.

### **Økonomi**

- ✓ Hovudstyret er juridisk ansvarlig for lagets økonomi
- ✓ Hovudstyret er ansvarleg for å setje opp budsjett før årsmøtet
- ✓ Fotballgruppa og symjegruppa sin økonomi ligg nå under hovudstyret, men gruppene har separate budsjett og kontoar.
- ✓ Trimkontakt og BIS-kontakt må avklare innkjøp og andre utgifter med hovudstyret
- ✓ Det skal teiknast underslagforsikring for dei som disponerar kontoane.

### **Medlemskontingent**

Enkeltmedlemskap 100,-

Medlemskontingenten fastsettast på årsmøtet som eigen sak, og skal takast opp kvart år.

### **Innkrevningsrutiner:**

Faktura sendast ut innan utgangen i løpet av mars månad.

Fyrste purring sendast ut seinast juni.

Undergruppene/kontaktar må lage sine eigne rutinar for å sikre at aktive både er medlem av idrettslaget, og har betalt treningsavgift.

Treningsavgift er til dei ulike gruppene/kontaktane treng ikkje lenger vedtakast på årsmøte.

### **Honorar**

Leiar FIL: kr.1000,-

Kasserar: kr.500,-

Sekretær: kr.500,-

Hovudlaget og Fotball- og symjegruppa må utarbeide rutinar på godtgjersle.

## Klubbdrakter/profilering

Idrettslagets logo skal vere på alle drakter/treningsklede til dei ulike laga.

## **Reglar for Fyresdal Idrettslag**

### ***Retningslinjer for føresette***

- Din interesse og oppfølging betyr mykje for barnet ditt
- Respekter klubbens arbeid
- Føresette må hjelpe til med nødvendig dugnadsarbeid
- Engasjer deg, men hugs at det er borna som driv idrett – ikkje du
- Respekter trenaren sitt arbeid
- Gå føre som et godt eksempel
- Lær borna å tole både medgang og motgang
- Motiver borna til å vere positive på trening
- Vis god sportsånd og respekt for andre
- Hugs at det viktigaste av alt er at borna trivst og har det moro

### ***Retningslinjer for utøvarar***

- Gode haldningar
- Respektere kvarandre
- Gjere kvarandre gode
- Følgje klubbens reglar
- Godt samhald
- Høyre på trenaren
- Stoltheit av eigen og andres innsats
- MOBBING ER IKKJE AKSEPTERT

### ***Retningslinjer for trenerar***

#### **SOM TRENAR SKAL DU BIDRA TIL:**

- Meistring, sjølvstende og inkludering for utøvaren
- Samarbeid og god kommunikasjon med andre trenere, leiarar og foreldre
- Ver eit godt forbilde
- Møt presis og godt førebudd til kvar trening
- Vis god sportsånd og respekt for andre

### ***Mobbing og seksuell trakassering***

Hovudlaget må utarbeide retningslinjer for korleis ein skal handtere slike saker dersom dei oppstår.

### ***Alkohol***

Fyresdal Idrettslag fylgjer Idrettens haldning til alkohol, vedteken av Idrettsstyret 16.mars 2004, sak 54.

## **Politiattest**

Politiattest skal krevjast av personar som skal utføre oppgåver for idrettslaget som inneber eit tillits- eller ansvarsforhold ovanfor mindreårige, eller menneske med utviklingshemming. Med mindreårige meinast barn og unge under 18 år.

Personar under 18 år skal også legge fram politiattest. Den nedre grense er 15 år.

Kven skal vi ha attest frå? Trenerar, oppmenn, foreldre som er med på turneringar som leiarar.

FIL har også bestemt at alle som har styreverv i klubben skal framvise politiattest for å gå føre som gode modellar.

Politiattest framvisast til politiattestansvarleg i klubben.

## **Utmerkingar**

Fyresdal Idrettslag deler ut ildsjelpris på årsmøte, dersom det har kome inn forslag på kandidatar, med gode begrunningar.